



Arkivnr: 2014/10441-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Avtale om rentebinding for ny periode

Samandrag

Det vert inngått rentebytteavtale for eit lån på 340 mill. kr for perioden 2015-2021. Fylkeskommunen betaler fast rente 2,756 %, mot at banken betaler fylkeskommunen 3 mndr. Nibor.

Vedtak

Fylkeskommunen gjer ein rentebytteavtale med DNB for eit lån på 340 mill. kr for perioden 16.02.2015 til 16.02.2021.

Fylkeskommunen betaler fast rente, 2,756 % kvartalsvis, mot at banken betaler fylkeskommunen 3 mndr. Nibor.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.02.2014

I reglement for finansforvaltninga er det sagt følgjande om rentebinding:

”Halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.”

Pr. dags dato har fylkeskommunen fast rente på 57,4 % av låna.

Dei to siste åra har lange renter lege på eit historisk lågt nivå. Fylkesrådmannen har i denne perioden sett det som ønskjeleg å binde renta på opp mot 60 % av låneporteføljen.

Diagrammet nedanfor viser korleis 5 års swap-rente har utvikla seg siste tre åra:



Innanfor det vedtekne reglementet er det ikkje rom for å auke fastrenteandelen særleg mykje ut over det ein har i dag. Men ein bør vurdere om det kan vere fornuftig å forlenge ein eller fleire av avtalane ein har om rentebinding.

Det er ikkje venta at Norges bank vil begynne å heve styringsrenta før i 2015. Men lange renter vert sterkt påverka av utanlandsk rentenivå, ikkje minst USA. Når marknaden får tru på at den amerikanske økonomien tar seg opp, kan også lange norske renter kome til å stige raskt.

Med dei rentenivåa ein ser i dag, bør det vere interessant å binde renta for 5-7 år framover. Når ein oppnår fast rente til under 3 %, risikerer ein neppe å tape mykje på slike avtalar.

Tabellen nedanfor viser fylkeskommunen sine fastrentelån og lån sikra med rentebytteavtalar:

	Lånesaldo	Rentesats	Neste rentereg.
Kommunalbanken 2011/2021	280 000	3,38%	29.08.2014
Rentebytteavtale 2012/2015	340 000	3,01%	16.02.2015
Rentebytteavtale 2010/2015	350 000	3,81%	18.02.2015
Rentebytteavtale 2011/2016	335 000	3,91%	08.06.2016
Rentebytteavtale 2011/2016	345 000	3,90%	29.07.2016
Rentebytteavtale 2013/2017	425 000	2,56%	02.10.2017
Rentebytteavtale 2010/2017	300 000	3,57%	22.11.2017
Kommunalbanken 2008/2018	325 000	3,46%	16.04.2018
Kommunalbanken 2010/2018	230 000	3,07%	23.08.2018
Rentebytteavtale 2012/2019	330 000	3,47%	26.02.2019
Rentebytteavtale 2012/2019	221 000	3,85%	22.09.2019
Rentebytteavtale 2012/2020	355 000	3,43%	18.06.2020
Rentebytteavtale 2012/2022	320 000	3,27%	21.03.2022
Sum fast rente	4 156 000	3,42 %	

Fylkeskommunen har to rentebytteavtalar som går ut i februar 2015. For den eine av desse (350 mill. kr) vart det i 2013 inngått avtale om ny rentebinding frå 2015 til 2020 til 2,96 % rente.

Fylkesrådmannen ønskjer no å undersøkje kva rente ein kan få for ein ny periode på den andre rentebytteavtalen (340 mill. kr.) Det kan vere passande å avtale ein ny periode på 6 år, slik at dei to avtalene ikkje går ut samstundes.

Fylkesrådmannen har henta inn tilbod på rentebytteavtale frå 2015 til 2021.

Ein har fått inn følgjande tilbod på fast rente i denne perioden:

DNB	2,756 %
Nordea	2,765 %
Swedbank	2,776 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB.